

---

Saksnr: 2020/61222-5  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

---

Skriftleg orientering frå fylkesrådmannen om varslingsrutinar for elevar

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen om varslingsrutinar for elevar til orientering og seier seg ferdig med saka.

**Samandrag**

Denne saka er kontrollutvalet si andre oppfølging av svar frå fylkesrådmannen når det gjeld spørsmåla frå utvalet om varslingsrutinar for elevar.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Meldeknapp i videregående opplæring
- 2 Meldeknapp i videregående opplæring
- 3 Meldeknapp i videregående opplæring

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 15.06.2020 vart dette protokollert i sak PS 69/20:

«Leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, har send slik e-post til sekretariatet før møtet:

*«Vedlagt følger spørsmål som jeg vil stille i kontrollutvalget den 15.06.20. Jeg forventer ikke at dette kan svares ut i møtet, men fint om vi kan få en tilbakemelding i påfølgende møte.*

*Ad elevers mulighet til å varsle om kritikkverdige forhold*

*De nye varslingsreglene som trådte i kraft 1.1.20 åpner for at blant annet elever gis mulighet til å varsle jfr. Arbeidsmiljøloven (aml.) kapittel 2A. Det synes som de nye varslingsreglene åpner opp for skjønnsmessige vurderinger og reglene inkluderer ikke samtlige elever ved videregående skoler der de kan varsle på lik linje som ordinære ansatte.*

*Aml. § 1-6 lister opp persongrupper som faller utenom lovens arbeidstakerbegrep jf. aml. § 1-8, men som likevel skal anses som arbeidstakere etter lovens regler om helse, miljø og sikkerhet når de utfører arbeid i virksomhet som faller inn under loven. Bestemmelsen omfatter blant annet elever ved institusjoner som har undervisning eller forskning som formål, herunder elever ved videregående skoler, når de utfører arbeid som ledd i praktisk opplæring jf. aml. § 1-6 nr. 1 bokstav a).*

*Endringen i § 1-6, som trådte i kraft 1.1.2020, innebærer at de persongruppene som er listet opp i bestemmelsen, blir omfattet av lovens regler om varsling, herunder gjengjeldelsesvernet, når de utfører arbeid. Endringen får med andre ord kun betydning for elever når de utfører arbeid, men ellers ikke. I praksis betyr det at elever, når de utfører arbeid som ledd i praktisk opplæring, får de samme rettighetene og det samme vernet som arbeidsgiverens egne arbeidstakere, herunder vern mot gjengjeldelse dersom de varsler om kritikkverdige forhold som de oppdager i virksomheten.*

- 1. På hvilken måte har Vestland fylkeskommune tilrettelagt for at elever som utfører arbeid som ledd i praktisk opplæring kan varsle om kritikkverdige forhold? Er elevene informert og gitt tilgang til varslingskanalen?*
- 2. Hvilke elever i fylkeskommunen er omfattet av bestemmelsen i aml. § 1-6? Hvordan defineres «elever som utfører arbeid»?»*

Etter sams drøfting vart kontrollutvalet samde om å sende desse spørsmåla til fylkesrådmannen og be om svar til neste møte i utvalet.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen til neste møte i utvalet svarer skriftleg på desse spørsmåla når det gjeld varslingsrutinar for elevar:
  1. På kva måte har Vestland fylkeskommune tilrettelagt for at elevar som utfører arbeid som ledd i praktisk opplæring kan varsle om kritikkverdige forhold? Er elevane informert og gjeve tilgang til varslingskanalen?
  2. Kva elevar i fylkeskommunen er omfatta av bestemmelsen i aml. § 1-6? Korleis vert «elever som utfører arbeid» definert?
2. Den skriftlege tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet seinast innan 25.08.2020.

**På bakgrunn av vedtaket over handsama kontrollutvalet saka i møte 17.09.2020 der det vart gjort slikt vedtak:**

- 1. Kontrollutvalet tek informasjonen om varslingsrutinar for elevar så langt til orientering.*
- 2. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på spørsmåla frå utvalet til siste møte i 2020.*
- 3. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet innan 09.11.2020.*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

### **Vurderingar og verknader**

Tilbakemelding i tråd med vedtaket over rakk av ulike årsaker diverre ikkje siste møte i kontrollutvalet i 2020. Vi mottok 22.01.2021 vedlagte notat m/vedlegg frå fylkesrådmannen. Av dette går det fram at det vert arbeidd med å få på plass ein meldeknapp om mobbing, trakassering og kritikkverdige tilhøve/HMT på heimesidene til Vestland fylkeskommune. Vidare går det fram at denne meldeknappen skal vera klar til bruk for skulane den 01.02.2021 og for lærlingar den 16.03.2021.

Meldeknappen for dei vidaregåande skulane finns på denne lenkja:

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/varsel-om-mobbingkritikkverdige-forhold/>

### **Konklusjon**

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og seier seg ferdig med saka.